



**REGULERINGSFORSLAG TIL
OFFENTLEG ETTERSYN**

Fagnotat

Vår referanse: PLAN-2022/28987-134


Saksbehandler: Mari Laupsa

Dato: 09.02.2026

**Forslag til detaljregulering– offentlig ettersyn
Bergenhus/Årstad. Gnr. 162, bnr. 270m.fl., Jonas Lies vei 71260000**

Om planforslaget

Nordplan AS foreslår på vegne av Helse Bergen HF detaljregulering for eit område på Haukeland sjukehus i Bergenhus bydel. Formålet med planarbeidet er å leggja til rette for at den tidlegare Kvinneklubben kan få ny bruk som psykiatrisk sjukehus med tilhøyrande uteområde. Bygget vil romma poliklinikk, akuttinntak og 92 døgnplassar for pasientar i rus- og psykiatribehandling. Pasientgruppa har samansette behov, og nærleiken til somatiske avdelingar på Haukeland sjukehus vil betra samhandling mellom faggrupper i behandlinga. Funksjonane til Kvinneklubben er flytta til Glasblokkene, og Helse Bergen HF omtalar no bygget som Årstadhuset.



Figur 1 Oversiktskart

Planforslaget er ikkje omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing.
Sjå planomtalen med vedlegg for utfyllande opplysingar.

Planområdet

Planområdet utgjør nordleg del av Haukeland Universitetssjukehus sitt anlegg og omfattar tidlegare Kvinneklinikken (Årstadhuset), Årstad kyrkje, Augebygget, og gamle Overlegebolig med Portnerboligen. Sør for Jonas Lies veg er eksisterande parkeringsbygg og Gamle Gade (UiB) inkludert i planavgrensinga. Planforslaget regulerer deler av Jonas Lies veg mot aust og gang-/ sykkelrampe ned til Haukelandsvegen.

KPA 2018

Området ligg i BY2 – byfortettingssone. Planområdet grensar Møllendal gravplass i nord, avsett til GU *Grav- og urnelund*. Leikeplassen i Jonas Lies veg og plenen vest for Årstad kyrkje er regulert til G *Grønnstruktur*. Heile planområdet ligg i konsesjonsområde for fjernvarme. Årstad kyrkje og planområdet i vest er omfatta av omsynssone *bevaring kulturmiljø* H570_3 Danmarks plass - Kronstad. Planområdet ligg i faresone H390_1 *luftkvalitet raud sone* i sør og vest og gul faresone mot nord og aust. Vegstøy – raud og gul sone omfattar Jonas Lies veg og areal langs vegen. Heile planområdet er omfatta av H220_10 *Helikopterstøy – Haukeland – gul sone*.



Figur 2 KPA 2018

Reguleringsplanar i området

Planstatus i området er greia ut for i planomtalen kapittel 2.2.2. Gjeldande reguleringsplan på grunnen er ein eldre plan etter bygningslova av 1965, 11930000 *Bergenhus/Årstad*. *Haukeland sykehus med omkringliggende gatenett* vedteken 1971. Bybane og sykkelveg går i tunnel under planområdet, regulert i områdeplan 64040000 *Bergenhus/Årstad*. *Bybanen fra sentrum til Fyllingsdalen, delstrekning 1, Nonneseter – Kronstad*, vedteken 2017.

Planprosess og medverknad

Oppstart vart varsla 04.07.2023. Komplette planforslag til handsaming vart motteke 17.11.2025.

Helse Bergen HF har utført ein utvida medverknadsprosess, oppsummert i vedlegga *Brukermedvirkningsrapport* datert 06.08.2024 og *Medvirkingsprosess* datert 15.01.2025. Nøkkelfunn er ynskje om betre trafikksikring, fleire tilgjengelege grøne areal, behov for skjerma uteareal for pasientar og tryggleik for nabolaget, omsynet til kulturminne og sameksistens i nabolaget mellom sjukehus, kyrkje, bustader, skule og barnehage.

Merknader til kunngjering og varsling av oppstart

Til varsel om oppstart vart det motteke 11 private merknader og 10 høyringsuttalar. Desse er oppsummert og kommentert av forslagsstillar i merknadsskjema datert 01.05.2025.

Materialet er gjennomgått og vert vurdert som dekkjande.

I uttalane og merknadane vert det i hovudtrekk peikt på følgande:

- Bumiljø og tryggleik: Naboar er uroa for tryggleiken knyta til ny pasientgruppe, integrasjon av tiltaket i nabolaget, og behov for å varetaka moglegheitene for born å bruka området.
- Transformasjon: Positivt med gjenbruk av bygningsmasse.
- Universell utforming må vera eit premiss for planlegginga
- Kulturmiljø: kulturminne og kulturmiljøet må omtalast og verneverdiane vurderast og varetakast. Verknader planen får for kulturminneverdiar i området skal greiast ut i planprosessen.
- Trafikk: Ynskje om betre tilrettelegging for mjuke trafikantar.

Vurdering av planforslaget

Plan- og bygningsetaten kommenterer sentrale problemstillingar i saka. Andre tema er vurdert som tilfredsstillande løyste og belyste. Vi sluttar oss i utgangspunktet til hovudformålet og hovudgrepet i planforslaget.

Dette er førebelse vurderingar. Vår endelege tilråding vil koma fram av fagnotatet til slutthandsaming (2. gongs handsaming).

Arealformål

Arealet i planområdet vert hovudsakleg regulert til T *offentleg eller privat tenesteyting*. Årstad kyrkje vert regulert til REL *forsamlingslokale for religionsutøving*. Utomhusareal mellom eksisterande bygningar vert regulerte til UTE *uteopphaldsareal*, GT *gatetun* og PA *park*. Jonas Lies veg vert vidareført som KV *køyreveg* med ny fortausbreidde.



Figur 3 Plankart datert 09.12.2025

Kulturmiljø

Haukeland sjukehusområde er omfatta av Landsverneplanen for Helse- og omsorgsdepartementet. Riksantikvaren har ansvaret for landsverneplanane, med VLFK som regionalt mynde. I planområdet er *Overlegebolig*, *Portnerbolig* og *Kvinneklubben* registrerte med vernklasse 2. Vernet er sjølvpålagt, og det er sektoren sjølv som har ansvar for varetaking av kulturminneomsynet. For Kvinneklubben/ Årstadhuset gjeld vernet eksteriøret: «*Vernet skal sikre bygningens opprinnelige arkitektur. Både hovedstrukturen i det arkitektoniske uttrykket og detaljeringen så som fasadeløsning, opprinnelige vinduer, dører, materialbruk og overflater skal opprettholdes.*»

Om *Portnerbolig* og *Overlegebolig* vert det peika på at desse bygga, saman med hageareal og vegetasjon, er ein del av det opphavlege, heilskaplege anlegget tilhøyrande Kvinneklubben¹. Kvinneklubben/ Årstadhuset er kommunalt listeført. Årstad kyrkje er listeført og VLFK er mynde.



Figur 4 Utsnitt frå LVP Haukeland. Bygg i verneklasse 2 markert i oransje.

I vest er planområdet omfatta av omsynssone *bevaring kulturmiljø* Danmarks plass – Kronstad. Strøkskarakteren er prega av ei blanding tidstypiske, heilskapleg utbygde delområde: sosial bustadbygging i form av lamellar, hageby og villa².

Kulturminnedokumentasjon datert 15.01.2025 er vedlagt fagnotatet. I planforslaget regulerast heile planområdet med omsynssone H570 – bevaring kulturmiljø. PBE vurderer at omsynssona sikrar kulturmiljøet godt, både ved gjennomføring av tiltak skildra i planforslaget og ved moglege framtidige tiltak. Det er særleg positivt at eksisterande tre og trerekker er omtala som ein del av kulturmiljøet og sikra i plankart og føresegner.

Universell utforming

Planforslaget legg opp til fleire terrengjusteringar ved og rundt Årstadhuset, og betrar tilkomsten til inngangar frå dagens situasjon. Tidleg i prosessen var ambisjonen at gangvegen ved Årstad kyrkje frå Jonas Lies veg mot hovudinngangen skulle oppfylle krav til helling. Omsynet til kulturmiljøet og omfang av terrenginngrep gjorde dette vanskeleg. Planforslaget legg no opp til at gangvegen vert utbetra ved at trappetrinn vert fjerna, og bakkenivået i gardsrommet vert heva slik at hovudinngangen vert trinnfri. Gangveg GG1 skal utformast som rampe og koplar hovudinngangen til gatetunet GT2. Det bør vurderast ledelinjer i gatesteindekket i GT2.

Plangrep og arkitektur

Illustrasjonar frå planinitiativet viste tilbygg til Årstadhuset i nord, aust og sør. Tilbygga er ikkje lenger aktuelle, og ombygginga av Årstadhuset gjeld no i stor grad interiøret i

¹ <https://www.lvph.no> Forslag til landsverneplan helse - Katalogen

² [Kulturmiljøplan for Bergen](#)

eksisterande bygningskropp. Sokkeletasjen er planlagt utnytta betre, og terrenget inn mot fasaden vert endra for å betra tilkomst og dagsljostilhøve. Det er planlagt eit atrium over to etasjar i tilbygget frå 1975, som vil gje dagsljøs til interiøret og eit skjerma opphaldsareal for pasientar.

I vedlegget *Tiltak sett frå kulturminneperspektiv* datert 21.07.2025 er alle foreslåtte tiltak i tilknytning til Årstadhuset lista opp.

Tiltak PBE ber særleg om innspel til i høyringa:

Skjerma nedsenka hage – UTE1

Eksisterande asfalterte gardsrom vest for hovudinngangen er foreslått senka til nivå med kjellaretasjen. Senka areal skal opparbeidast som hage/ uteopphaldsareal for pasientar, med tilkomst frå kjellar. Nivåspranget i seg sjølv vil vera ei avgrensing, og saman med planlagt ny beplanting vil arealet også vera skjerma. PBE vurderer terrenginngrepet som omfattande, men ser også at tiltaket både løyser behovet for skjerma uteareal og aukar brukskvaliteten i sokkeletasjen. Vi er ikkje overtydde om at den veldige, organiske utforminga av senka hage er naudsynt, og vurderer at ei strammare form vil henga betre saman med Årstadhuset. Materialbruk og utforming av støttemuren mot eksisterande gatenivå og hovudinngang vil vera tema vidare i prosessen.



*Figur 5 Frå vedlegg Perspektivskisser 04.07.2025.
Senka hage sett mot nordvest.*

Open hage – UTE2

Aust for hovudinngangen er det foreslått etablert eit hageareal avgrensa av ein 1,5 meter høg mur. Arealet er skildra som delvis skjerma, og er tenkt brukt av pårørande, tilsette og pasientar med følgje. Varetaking av den opne forplassen til Årstadhuset har vore tema i planprosessen. PBE vurderer at ein tett mur rundt eit mindre hageareal er uheldig i dette området. Grøne område *utanfor* muren vert til mindre brukbare restareal. Utforming og omfang av *open hage* vil vera tema vidare i prosessen.




Figur 6 Open hage, mot nordaust

Kirkemarken – PA1

Grøntområdet vest for Årstad kyrkje er Helse Bergen HF sin eigedom, hovudsakleg opparbeida som plen i dag. Forslagsstillar ynskjer å tilføra arealet fleire kvalitetar slik at området blir attraktivt til bruk av fleire. Illustrasjonsplanen viser ein gangveg frå hovudinngangen gjennom UTE1, opp i PA1 og vidare til fortauet i Jonas Lies veg. Planforslaget opnar for etablering av sitteplassar, regnbed og noko meir vegetasjon. Gangvegen vil medføra noko terrenginngrep. PBE er usikre på koplinga av gangvegen og fortau, men er positive til vist vegetasjonsskjerm mot vegen og at det opne rommet framom kyrkja i stor grad er vareteke.

Lagerbod – #4

Forslagsstillar fekk i løpet av prosessen innspel om at Årstad kyrkje har behov for lagerplass. Dette vart tatt med i planforslaget, og tenkt plassering er lagt til i føresegningsområde #4, aust for kyrkja. Utforming og plassering av



Figur 7 Frå vedlegg Årstad kirke lagerbod.

lagerboden er vist i vedlegg *Årstad kyrkje lagerbod* datert 17.01.2025. Tiltaket har i liten grad vore diskutert med PBE, og vi ynskjer særleg innspel frå VLFK i høve konsekvensar for den listeføre kyrkja. PBE vurderer at vist plassering kan verka negativt på kor tydeleg gangaksen GG2 frå Jonas Lies veg til hovudinngangen vil framstå. Gjensidig skjerming av ulike brukargrupper i planområdet er tema i plansaka, og eit lite bygg kan mogleg plasserast meir tenleg. Lagerboden vil vera tema vidare mot slutthandsaming.

Heishus og trafostasjon – T6

Det er tenkt etablert avfallsrom i kulvert under bakkenivå for mellomlagring av avfall. Sjukehuset har eigen renovasjonsløysing, og planforslaget viser heis frå kulvert/ underetasje opp på bakkeplan der renovasjonsbil kan henta avfallet frå vareleveringslomme. I planmateriale motteke i juli 2025 er trafostasjon plassert saman med heishus og innandørs sykkelparkering i eit langt, smalt bygg på tvers av gardsrommet. PBE har ikkje vorte informert om behov for heishus eller trafostasjon, og plassering og omfang har ikkje vore diskutert. Foreslått utforming og skala av bygget heng ikkje saman med korkje Årstadhuset eller Augebygget. PBE har forståing for behovet for logistikk-løysingar, og dette vil vera tema mot slutthandsaming.



Figur 8 Utsnitt frå vedlegg Snitt og oppriss
04.07.2025

Akuttmottak mot nord – PP

Gasstankane som i dag er plassert mot Møllendal gravplass vert fjerna, og tilkomsten til akuttmottaket vert etablert med oppstillingsplassar for utrykkingskøyretøy. Området må gjerdast inn med opptil 4 meter høge gjerder av sikringsomsyn. Gjerdet vert oppført på eksisterande mur og kan ikkje ha for høg eigenvekt, og metall er peika på som naturleg materialval. I vedlegget *Tiltak sett frå kulturminneperspektiv* er gjerdet skildra som eit dekorativt element utført med mønster.



Figur 9 Murar og gjerder ved nordfasade, frå vedlegg Snitt og oppriss 04.07.2025

Mottakshagen - #2

I mottakssituasjonen ynskjer Helse Bergen å leggja til rette for at pasientar har tilgang til uteopphaldsareal. Planforslaget viser ein terrasse inn mot bygget som går over i ein mindre hage i skråninga mot Møllendal gravplass. Arealet må sikrast med inntil 4 meter høge gjerder.

Lillehagen - #1

I nordvest er det foreslått eit skjerma uteopphaldsareal for pasientar i avdeling. Arealet er vist omslutta av ein opptil 4 meter høg, tett mur.



Figur 10 Nordfasade med tre ulike inngjerda areal. Frå vedlegg Perspektivskisser datert 04.07.2025.

PBE oppmodar om at gjerder og murar ved nordfasaden får heilskapleg utforming og materialitet. Nordfasaden til Årstadhuset er særleg eksponert på høgdedraget mot Møllendal gravplass, og fjernverknad av naudsynte sikringsgjerde må vurderast.

Endringar i fasaden er illustrert lettfatteleg og godt i vedlegga *Tiltak fasadar nord og sør* og *Tiltak fasader øst og vest* datert 12.11.2025.



Figur 11 Endringar i nordfasade, utklipp frå vedlegg.

Endringar i fasade utover sokkeletasje handlar i stor grad om vindauge. På grunn av endra planløyising må nokre vindauge blendast av. Ved blending skal opphavleg plassering visast som relieff i fasaden. Der det er naudsynt med nye vindauge skal desse plasserast med storleik og avstand som ikkje bryt rytmen og heilskapen i fasaden. Nokre vindauge vert omgjorde til inntrekte balkongar med vindaugsramme utan glas, men med netting. PBE er ikkje overtydd om dei visuelle kvalitetane ved bruk av netting, og riktig materialbruk må vurderast og sikrast i føresegn fram mot slutthandsaming.

Støy

Støyutredning datert 10.10.2024 er vedlagt fagnotatet. Planområdet er påverka av vegstøy frå Jonas Lies veg, men Årstadhuset og foreslåtte uteopphaldsareal ligg utanfor vegstøysona. Helikopterstøy er aktuell problemstilling i dette området, då støykjelda er i direkte samband med sjukehusfunksjonen. Maksimalt støynivå (80dB) vil skje når eit helikopter passerer rett over området. Støyrapporten peikar på at maksimalnivået i snitt vil nåast mindre enn 1 gong per natt og 1- 2 gonger på dagtid. Dette er under grenseverdiane som utløyser krav til fasadetiltak, men rapporten tilrår at nye vindauge på Årstadhuset er særleg støyisolerte. Støyrapporten viser at uteopphaldsareal vil ha støy lik gul sone. PBE vurderer at sjukehusfunksjonen og den bynære plasseringa gjer støysituasjonen akseptabel. Pasientrom og -areal må ha best mogleg støytilhøve. Illustrasjonsplanen viser uteopphaldsareal med mindre takoverbygg som også vil ha funksjon som støyskjerming.


Veg

Utforming av kommunal veg Jonas Lies veg var tema tidleg i prosessen, i dialog med Bymiljøetaten. *Trafikkanalyse_registrering* datert 28.02.2024 og *Mobilitetsplan* datert 20.08.2024 er vedlagt. Jonas Lies veg er smal, og vanskeleg å utvida. Vegen er del av sykkelnettet i Sykkelstrategi for Bergen 2020-2030. Trafikkanalysen viser ein ÅDT mellom 2000- 2500, og blanda trafikk for syklande og køyrande kan tilråast. Frå Sentralblokka i aust er det berre fortau på nordsida av Jonas Lies veg, fram til avkøyrsløse sørover inn i sjukehusområdet. Her vert fortauet utvida til 2,5 meter og køyrebana innsnevra tilsvarende. Innsnevringa av køyrebana gjer at bilar må venta for å passera kvarandre. Dette er eit fartsreduserande tiltak og positivt for trafikktryggleiken. Heva fotgjengarfelt er eit anna fartsreduserande tiltak omtala i planforslaget. Mogleg plassering er vist i vedlegget *Snitt og planskisse snarvei JLV* datert 12.02.2025. Fotgjengarfelt vert ikkje regulerte i plan, men PBE oppmodar om at plassering og tal på gangfelt vert vurdert før gjennomføring. PBE er samde i vegutforminga vist i planforslaget.

Snarveg #5

På sørsida av Jonas Lies veg, aust for Gamle Gade er det i føresegningsområde #5 opna for å etablera ei trapp i den eksisterande muren. Jonas Lies veg er utan tverrforbindelsar i aust, og det er tydelege spor i terrenget av at folk klatrar over gjerdet kryssar vegen her.

Etablering av ny trapp må knytast til samtidig etablering av gangfelt over vegen. Plasseringa korresponderer med tilkomst til gangvegen gjennom Møllendal gravplass på nordsida av Jonas Lies veg. Det har vore dialog med Bymiljøetaten i høve utforminga av trappa med særleg tanke på trafikktryggleik. Eksisterande mur og trekke er ein del av kulturmiljøet, og endeleg utforming må ta omsyn til dette. PBE meiner snarvegen er eit godt gangetiltak.



Figur 12 Utsnitt frå vedlegg Snitt og planskisse snarvei JLV.

Parkering

Det vert etablert 3 gjesteparkeringsplassar inklusive ein HC-parkering på terreng nær hovudinngangen til Årstadhuset. 3 plassar for tenestebilar vert plassert i GT1 mot Portnerboligen og 6 plassar for tenestebilar og utrykkingskøyretøy ved akuttmtottaket i PP.

Eksisterande parkeringsplassar vert fjerna, og øvrig parkering skal løysast i eksisterande anlegg på HUS sitt område.

Noko sykkelparkering vert etablert på terreng i UTE2 nær hovudinngang og i GT1, men storparten skal løysast i felt T6 og i eksisterande sykkelbod i felt T4. Det er krav om éin sykkelparkering per ti sengeplassar og minimum 12 plassar per 1000m² kontor. Helse Bergen HF opplyser om at dei har etablert eigen ordning for deling av el-bilar og el-syklar til bruk i tenesteoppdrag. PBE vurderer at bil- og sykkelparkeringsbehov er varetekne i planforslaget.

I planprosessen har PBE oppmoda om at det vert undersøkt om areal til sykkelparkering i eksisterande sykkelbod mogleg kan få plass i samla anlegg under bakken då foreslåtte terrenginngrep likevel er store. Eksisterande sykkelbod er plassert på pålar over rotsone til eit stort tre, og ligg tett framom austgavlen til Årstadhuset. Vi meiner fjerning av sykkelboden vil vera positivt for orienteringa i området, kulturmiljøet og grøntarealet. Forslagsstillar er ikkje samd i PBE sin vurdering.

Naturmangfald

Vedlegget *Økologisk rapport* datert 13.05.2024 gjer greie for naturmangfaldet i og ved planområdet. Rapporten peikar på at planområdet har gradvis gått frå ope kulturlandskap til eit tettare, nedbygd bymiljø. Det er gjort søk i mellom anna artsdatabanken og Miljødirektoratet sin naturbase. Landskapsarkitekt har vore på synfaring i området for å kartleggja eksisterande tre/treslag og kvaliteten i grøntområda. Bevaring av eksisterande tre er sikra i plankart og føresegnar. PBE meiner det er særleg positivt at økologisk rapport kap. 3.2 peikar på tilrådde tiltak ved gjennomføring av planen. Bruk av stadeigne og pollinatorvenlege planter er sikra i føresegn, og PBE oppmodar om at fleire av tiltaka frå rapporten vert innarbeida og sikra til slutthandsaming.

Vurdering etter naturmangfaldslova §8- 12

Nml. §8 gjev føringar for kunnskapsgrunnlaget for offentlege avgjersler som får konsekvensar for naturmangfaldet. PBE vurderer at bruk av oppdaterte naturbasar saman med synfaring har gjeve tilstrekkeleg kunnskap om naturverdiane i området og effekten av påverknad i eit allereie påverka planområde.

Etter nml. §10 skal verknaden på eit økosystem bli vurdert ut i frå den samla belastninga som økosystemet er eller blir utsett for. PBE vurderer at økosystemet ikkje vert utsett for uhøvesvis auka belastning ved gjennomføring av planforslaget.

Nml. §9 gjev krav om ein føre var – haldning for å unngå alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet. Omsyn til eksisterande tre med rotsone er sikra i føresegn, også i anleggsfase. Det er tatt sikte på å unngå mogleg vesentleg skade på naturmiljø i planforslaget, PBE vurderer at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg, §9 kjem derfor ikkje til bruk.

Nml. §11 seier at kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. I planomtalen vert det opplyst at tiltakshavar er innforstått med det økonomiske ansvaret ved miljøskade, men at det er lite sannsynleg at planlagde tiltak vil medføre slik skade.

Nml. §12 omhandlar miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar. Forsvarleg handtering av forureina massar og sikring av eksisterande tre i anleggsfasen er sikra i føresegnar.

Energi og klima

Planforslaget er i hovudsak eit ombyggingsprosjekt der eksisterande bygningsmasse vert oppgradert og vidareført. Vedlegget *Klimagassberegning* datert 20.12.2024 viser reduksjonen av klimagassutslepp samanlikna med nybygg. Senking av terreng til uteoppholdsareal er eit foreslått tiltak som medfører eit berekna masseuttak på ~17000m³ som må transporterast til deponi.


Haukeland sjukehus sine bygningar er kopla på fjernvarmenettet, og dette vil vidareførast. PBE har ikkje motteke ei ombrukskartlegging, men forslagsstillar opplyser at overskotsmateriale etter riving og ombygging innvendig i Årstadhuset skal nyttast der det er mogleg, også utomhus. PBE er positive til dette.

Vatn og avløp

VAO-rammeplan datert 25.11.2024 er vedlagt fagnotatet saman med uttale frå Bergen Vann datert 03.12.2024. I rammeplanen vert det opplyst at eit arbeid med grunnvasstands-måling er utført og at dimensjoneringa av overvasshandteringstiltak skal gjerast med bakgrunn i dette. Planlagde tiltak er regnbed og nedgravne overvasskassetar. Avrenning frå planområdet i dag er mot Møllendal gravplass i nord. Overvasshandtering sør for Årstadhuset må ta omsyn til eksisterande kulvertsystem under grunnen, og forslaget legg til grunn at overvatn frå *nedsenka hage* (UTE1) og *open hage* (UTE2) vert drygd i overvasskassetar. PBE har oppmoda om at heile planområdet vert vurdert som mogleg drygingsareal, då tiltaka for overvasshandtering verkar omfattande. Til sluttbehandling må permeabelt, fast dekke i veg og gatetun vurderast. Plasseringa av OV-kassetar forutset pigging i berg. PBE ber om at masseuttak i klimagassberekninga vert oppdatert i samsvar med terrenginngrepet skildra i VAO- rammeplanen.

Brannvesen

VAO-rammeplanen seier at det må etablerast to brannvassuttak, og at Brannvesenet har formidla ynskje om hydrantar – utan at dette er eit krav. I illustrasjon frå rammeplanen er plasseringa av *hydrantar* vist. I *illustrasjonsplan* datert 14.11.2025 er oppstillingsplass for brannbil vist heilt i aust ved Årstadhuset. PBE gjer merksam på at planforslaget legg opp til at tilkomst vidare vestover vil opparbeidast som gangveggar. Vi ynskjer innspel til dette i høyringa.



Figur 13 Frå VAO-rammeplan. (Rambøll, Brannkonsept, 16/09/2023)

Barn og unges interesser

Planforslaget har ikkje konsekvensar for areal i bruk av born og unge. Eksisterande leikeplass (o_LEK) er omfatta av plangrensa, men det er ikkje foreslått tiltak i feltet. I løpet av prosessen har etableringa av hageareal på eksisterande parkeringsplass vore framheva som ei forbetring av nabolaget. Slik planforslaget er kommunisert i dag kan ikkje PBE vurdere desse tiltaka som ålment tilgjengelege eller at dei svarar ut *fleire møteplassar i nabolaget* frå medverknadsprosessen.

Oppsummering og vidare prosess

PBE vurderer det positivt at Helse Bergen HF har fått plass til nye funksjonar i Årstadhuset utan nye, større tilbygg og inngrep i verna fasade. I løpet av prosessen ser vi likevel at tiltaka samla sett *tettar til* og *overmøblerer* området. PBE har forståing for at Haukeland universitetssjukehus ynskjer å utvikla eit effektivt sjukehus, kor det er arealpress innanfor eige område. Vi vurderer likevel at gode byrom, grønne areal og oversiktlege og tilgjengelege gater gjev trygge nabolag og vil ha langsiktige, positive konsekvensar for levekår og folkehelse. PBE vurderer at ei oppstramming og forenkling av utforminga av utomhustiltak og ein avklara, nøktern materialpalett må undersøkast og sikrast vidare i prosessen.

PBE og Helse Bergen HF er samde i at planforslaget skal arbeidast vidare med fram mot slutthandsaming.

Vedtak:

1. I medhald av plan- og bygningslova § 12-11 og i samsvar med delegert mynde vert følgjande forslag til detaljregulering sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn:
 - a. Detaljregulering, Bergenhus/Årstad. Gnr. 162, bnr. 270m.fl., Jonas Lies vei, arealplan-ID 71260000
vist på plankart, datert 09.12.2025
 - b. Tilhøyrande reguleringsføresegner, datert 17.11.2025

Plan- og bygningsetaten

Vigdis Berge

Avdelingsleder

Tarje Wanvik

Etatsdirektør

Dette dokumentet er godkjent elektronisk.

Vedlegg:

Plankart datert 09.12.2025
Reguleringsbestemmelser datert 17.11.2025
Planbeskrivelse datert 17.11.2025
Merknadsskjema datert 01.05.2025
Illustrasjonsplan datert 14.11.2025
Snitt og oppriss datert 04.07.2025
Perspektivskisser datert 04.07.2025
Sol- og skyggeillustrasjoner 04.07.2025
ROS-analyse datert 17.09.2024
VAO-rammeplan datert 22.07.2025
Kulturminnedokumentasjon datert 22.07.2025
Støyrapport datert 10.10.2024
Trafikkanalyse_registrering datert 28.02.2024
Mobilitetsplan datert 20.08.2024
Økologisk rapport datert 13.05.2024
Klimagassberegning datert 20.12.2024
Vurdering av områdestabilitet datert 01.10.2025
Medvirkningsprosess datert 15.01.2025
Brukermedvirkningsrapport datert 06.08.2024
Årstad kyrkje lagerbod datert 17.01.2025
Tiltak sett fra kulturminneperspektiv datert 21.07.2025
Tiltak fasader øst og vest Årstadhuset datert 12.11.2025
Tiltak fasader nord og sør Årstadhuset 12.11.2025
Snitt- og planskisse snarvei JVL datert 12.02.2025

Fullstendig dokumentoversikt og saksgang, se

<https://www.bergen.kommune.no/omkommunen/offentlig-innsyn/innsynplanogbyggesak> saksnr:
PLAN-2022/28987